

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
17.02.2015

Kopi til: Ordføreren
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag 23.02.2015 kl. 15.00 på
Lerstadvegen 545 (Merk tid og oppmøtestad)**

SAKLISTE:

- Sak 04/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 26.01.2015
- « 05/15 - Brev frå kommuneadvokaten i Ålesund kommune vedkomande kontrollutvalsakene 02/15 og 03/15
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 26.01.2015, kl. 16.00
Møtestad: Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Grete Dalhaug Berg
Magnar Flaate og Jon Ola Røstad (i sak 01/15 og 03/15)

= 4 og 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Terje Vadseth i sak 01/15 og 03/15.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/15
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. OKTOBER 2014**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 27. oktober 2014 blir godkjent.

**SAK 02/15
OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALSAK 03/14 – VALD I SKULEN**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.01.2015

Det vart fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova § 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret stiller seg kritisk til dei ansvarlege i denne saka og følgjande forhold:

1. Kommunestyret vil som skuleeigar understreke betydninga av at elevane skal ha det trygt på skulen og at innbyggerane i kommunen skal ha tillit til skulen si verksemd.
2. Det er påført betydelege skader på ein elev i skuletida.
3. Manglande systematisk arbeid og rutinar for å fremme tryggleiken til elevane (manglande internkontroll) gjer at skuleeigar i denne saka ikkje kan føre bevis som frittek frå det ansvaret som følgjer av den omvendte bevisbyrderegelen i opplæringslova §9a-8.
4. Kommunestyret finn sakshandsaminga ufullstendig og finn grunn til å stille seg kritisk til at kontakten med den skadelidte og hans familie ikkje synest vere tilfredsstillande og det ligg heller ikkje føre enkeltvedtak i høve spørsmålet om eventuelle reaksjonar mot tilsette.

SAK 03/15

SAK OM SKULE/BARNEVERN

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.01.2015

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Kommunestyret stiller seg kritisk til dei ansvarlege i denne saka og følgjande forhold:

1. Kommunestyret kan gjennom sin saksgjennomgang ikkje finne at det har vore tilstrekkeleg grunnlag for å melde foreldra til barnevernet ved at skulen ikkje har godtgjort at dei faktiske forholda var slik at det var grunn for å tru at det låg føre alvorleg omsorgssvikt, mishandling i heimen eller vedvarande alvorlege adferdsvanskar.
2. Kommunestyret finn grunn til å stille seg kritisk til kommunen si saksbehandling som ligg til grunn for kommunen si handtering av teieplikta ved melding til barnevernet og handtering av teieplikta når det gjeld ranselposten.
3. Kommunestyret føreset at spørsmålet om tenesteleg reaksjon i saka blir behandla i samsvar med gjeldande regelverk og gjeldande praksis.
4. Kommunestyret vil som skuleeigar understreke betydninga av at elevar og foreldre ikkje skal bli utsett for vilkårleg og kritikkverdig saksbehandling og at innbyggerane i kommunen skal ha tillit til skulen si verksemd.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
nestleiar
(sign.)

Grete Dalhaug Berg
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign.)

Jon Ola Røstad
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Skodje kommune

Dato: 17.02.2015

**SAK 05/15
BREV FRÅ KOMMUNEADVOKATEN I ÅLESUND KOMMUNE VEDKOMANDE
KONTROLLUTVALSAKENE 02/15 OG 03/15**

Som vedlegg følger:

- Brev frå kommuneadvokaten i Ålesund kommune datert 10.02.2015
- Brev frå kommuneadvokaten i Ålesund kommune datert 12.02.2015
- Brev frå Kommunal- og Regionaldepartementet datert 07.10.2010

Kommuneadvokaten i Ålesund har gått inn i dei to nemnte sakene i Skodje kommune og i breva blir det presisert at kontrollutvalsakene ikkje vil bli lagt fram for kommunestyret før det er gitt svar på spørsmåla. Eg reknar med at kommuneadvokaten i situasjonen er fullmektig for rådmannen. Rådmannen har i den eine saka blitt vurdert som inhabil.

Etter kommunelova § 77 nr. 6 skal rådmannen høyrast før kontrollutvalet behandlar saker som dette. Føremålet med ei høyring er at rådmannen skal få høve til å gi sin versjon av saka og luke vekk eventuelle feil og mistydingar. Kontrollutvalet skal vere siste instans før behandlinga i kommunestyret.

I sak 02/15 vart dokumenta sendt rådmannen til høyring, men rådmannen let vere å gi høyringssvar. I sak 03/15 vart saka ikkje sendt til høyring ettersom rådmannen vart vurdert som inhabil, men rådmannen hadde gitt uttrykk for sine meiningar i møte tidlegare.

Kjem det fram faktaopplysningar etter at kontrollutvalet si behandling er avslutta, må kontrollutvalet vurdere å behandle saka ein gong til med utgangspunkt i desse nye faktaopplysningane. Synspunkt eller spørsmål frå rådmannen vil normalt ikkje gi grunnlag for ny behandling. Brev frå kommuneadvokaten i Ålesund inneheld ikkje nye faktaopplysningar – berre spørsmål.

I saker der kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret, er det kontrollutvalet som har innstillingsretten og berre kontrollutvalet sjølv kan stoppe ei sak som kontrollutvalet vil legge fram for kommunestyret. Rådmannen eller andre har ikkje slike fullmakter.

I kontrollutvalsak 14/14 – «Innstillingsrett – kontrollutvalet eller rådmannen» var ovannemnde brev frå Krd oppe som sak. Saksdokumenta var på vanleg måte sendt ordførar og rådmann på førehand. Spørsmål om innstillingsrett skulle vere avklart.

Slik situasjonen har blitt med ei saksbehandling frå kommunen si side som avvik frå normal prosedyre i kontrollutvalsaker, bør kontrollutvalet vurdere om saka skal bli behandla ein gong til. I møtet blir det lagt opp til å drøfte situasjonen.

Harald Rogne
dagleg leiar



ÅLESUND KOMMUNE

Kommuneadvokaten

Skodje kommune
v/Kontrollutvalget att: Vigdis T. Bye
Rådhuset
6260 SKODJE

Advokat
Kristin Otterlei
Tlf 70 16 20 05

Deres ref.

Vår ref.
KOTT/12/822-32/ F4 &85

Dato:
10.02.2015

KONTROLLUTVALGET I SKODJE KOMMUNE

Ordfører og Rådmann i Skodje kommune har bedt meg undersøke bakgrunnen for innstillinga fra kontrollutvalet i Skodje kommune til kommunestyret i sak 03/15. Korrespondanse bør difor gå direkte til mitt kontor.

Grunnen til dette er at kontrollutvalet utfører sine oppgaver på vegne av kommunestyret og det er då viktig at saker til kommunestyret er godt nok opplyst. Det fyl av dei alminnlege sakshandsamingsreglane som gjeld for offentlig forvaltning, kommunestyret og kontrollutvalet.

Det nødvendig å få opplysningar om fleire sider ved kontrollutvalets sakshandsaming i sak 03/15. Ein ber om at denne førespurnaden blir prioritert, då innstillingane fra utvalet ikkje blir lagt fram for kommunestyret før en har fått sett på dette.

Spørsmål til sak 03/15

1. Kva sakshandsaming var det rundt spørsmålet om saka fell under det utvalet skulle ta stilling til, nemlig på kva måte skulens skjønnsutøvelse skal vere ei sak om tilsyn og kontroll? Vart det diskutert? Vart det stemt over dette? Kva var stemmeresultatet i så fall?
2. Kva sakshandsaming var det rundt spørsmålet om det var utvalets mandat å gå inn i enkeltsaker som klageorgan? På kva måte vart det tatt stilling til om saka gjalt kontroll og tilsyn på systemnivå? Kva var hovedgrunngevinga?

For det tilfellet utvalet skulle ha hjemmel til å behandle saka:

3. Kva samtykke rundt teieplikta hadde foreldra gitt til kontrollutvalget? Me mottek gjerne kopi av dokumentet der foreldra samtykker til bruk av opplysningane i saka. Kva er grunnen til at møteboka til kontrollutvalet med saksdokument er offentlig? Var kontrollutvalets møte ope? Kan ein få kopi av eventuell protokoll der det framgår kva vurderinger som låg til grunn for å ha ope møte eller ikkje og vedtaket med avstemningsresultat? Opplysningane er viktige for å kunne ta stilling til om saka skal gå for opne dører i kommunestyret eller ikkje.

Postadresse: Sentralbord
Postboks 1521 Tlf 70 16 20 00
6025 ÅLESUND Faks 70 16 20 01
postmottak@alesund.kommune.no

Besøksadresse:
Keiser Wilhelmsgate 11
www.alesund.kommune.no

Tlf 70 16 20 00 Bankgiro: 4200.49.49999
Faks 70 16 20 01 Å.K.org.: 942.953.119

4. Det er heilt nødvendig med ei utfyllande grunngjeving for valg av dei dokument som vart førelagt kontrollutvalet. Slik det kan sjå ut fra møteboka er det fleire svært sentrale dokument som ikkje var framlagt.

Særleg gjeld dette dei fylgjande dokumenta:

- Vart skulens utdjuing av bekymringane for barnet sendt til barnevernet 21. mars 2012 framlagt og gjennomgått? Dersom ikkje, kva var grunnen til det?
 - Kor mange vedlegg fra foreldra fanns i saka? Kor mange vart ikkje framlagt?
 - Vart barnevernets skriv datert 01. oktober 2013 fra barnevernet til fylkesmannen framlagt for kontrollutvalget? Dersom ikkje, kva var grunnen til det? Kjende utvalet seg konfortabel med advokat Kvammens utgreiing av innhald og betydning av dette dokumentet?
 - Vart Fylkesmannens avslutning av tilsynssak datert 23. oktober 2013 framlagt? Kvifor ikkje?
 - Vart barnevernets svar på henvendelsen fra kontrollutvalget framlagt? I såfall kvifor ikkje?
 - I advokat Kvammens notat datert 15. oktober 2014 er det vanskeleg å skille mellom dei argumenta som er fremja av foreldra og det som er fremja av advokat Kvammen. Vart dette notatet gjennomgått der det kom klart fram kva som var Kvammens oppfatning og når han målbar foreldra?
 - Kva informasjon hadde kontrollutvalet tilgjengelig om reglane i barnevernlova § 6-4 og graden av bekymring? Baserte utvalet seg på advokat Kvammens utgreiing om at vilkåra er "meget strenge"? Vart denne lovforståinga kvalitetssikra? På kva måte i så fall?
 - Var kontrollutvalget kjendt med brev datert 17. desember 2014 fra 4 departement, som framhever kor viktig det er at kommunen har rutiner som legg til rette for at det blir meldt til barnevernet når det er bekymring for omsorgen til et barn?
 - Kjenner kontrollutvalet seg trygg på at all nødvendig dokumentasjon har blitt framlagt for utvalget? Kvifor det?
5. Når det gjeld grunngjevinga ynskjer ein ei nærmare utgreiing av kva som er grunnlaget for at kontrollutvalet meiner at skulen skal ha ei dokumentasjonsplikt eller plikt til å bevisе/godtgjere at dei faktiske forholda var som beskreve i bvl § 6-4 var tilstades i familien. Det kan her visast til heimel, juridisk litteratur eller rettslege avgjerde.
6. Til spørsmålet om "ranselposten" bes om ei nærare vurdering av korleis utvalet stiller seg til Harald Rognes utgreiing om at foreldra hadde gitt fritak frå teieplikta til ein "avgrensa krets" sammenholdt med ordlyden i fritaket " de det måtte angå i kommunen". Korleis vurderer kontrollutvalet foreldra sitt eige bidrag til å eksponere seg sjølv og dermed barnet på same tidspunktet i tid, herunder ved å ta kontakt med TV2? Korleis vektlegg utvalet opplysningar om at saka var ålment kjendt i bygda?
7. Til gjennomføringa av møtet 26. januar 2015 har ein følgjande spørsmål. Var det meint at innkallinga av rådmann og ordfører skulle vere ei "høyring"? Vart i så fall sakshandsaminga for slik fulgt?
8. Fekk ordfører og rådmann høve til å førebu seg i forkant av møtet på dei spørsmåla som vart stilt? Fekk dei høve til å gi ei sammenhengande framstilling av saka? Kvifor ikkje? Kva rolle hadde advokat Kvammen i møtet? Vart det gjort klar i møte kva dokument kontrollutvalet hadde tilgjengeleg og kva dei ikkje kjende til?


Det varslast med dette om at det kan bli nødvendig å komme med spørsmål også i høve sak 02/15. Dette vil i så fall skje i nær framtid.

Kopi av brevet er sendt til medlemmane i kontrollutvalet i Skodje kommune: Nestleiar Dag Loe Olsen, medlem Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og John Ola Røstad.

Det er og send til Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS, Lerstadvegen 545, 6022 Ålesund.

Dette for å spare tid.

Med helsing



Kristin Otterlei

advokat



ÅLESUND KOMMUNE

Kommuneadvokaten

Kontrollutvalget i Skodje kommune
v/ Vigdis T. Bye
Rådhuset
6260 SKODJE

Advokat
Kristin Otterlei
Tlf 70 16 20 05

Deres ref.

Vår ref.
KOTT/12/822-33/ F4 &85

Dato:
12.02.2015

KONTROLLUTVALGET I SKODJE KOMMUNE SAK 02/15

Ordfører og Rådmann i Skodje kommune har bedt meg undersøke bakgrunnen for innstillinga fra kontrollutvalet i Skodje kommune til kommunestyret i sak 02/15. Korrespondanse bør difor gå direkte til mitt kontor.

Grunnen til dette er at kontrollutvalet utfører sine oppgaver på vegne av kommunestyret og det er då viktig at saker til kommunestyret er godt nok opplyst. Det fyl av dei alminnlege sakshandsamingsreglane som gjeld for offentlig forvaltning, kommunestyret og kontrollutvalet.

Det nødvendig å få opplysningar om fleire sider ved kontrollutvalets sakshandsaming i sak 02/15. Ein ber om at denne førespurnaden blir prioritert, då innstillingane fra utvalet ikkje blir lagt fram for kommunestyret før en har fått sett på dette.

Spørsmål til sak 02/15

1. Kva sakshandsaming var det rundt spørsmålet om det innstillinga fra kontrollutvalet lyder på fell under det utvalet skal ta stilling til? Vart det diskutert? Vart det stemt over dette? Kva var stemmeresultatet i så fall? Særleg gjeld dette punkt 2 og punkt 4 i innstillinga, og Harald Rognes formidling i forslag til innstilling som vedgjekk "folk flest si rettskjensle".
2. På kva måte vart det tatt stilling til om saka gjalt kontroll og tilsyn på systemnivå? Kva var hovedgrunngevinga?

For det tilfellet utvalet skulle ha hjemmel til å behandle saka:

3. Det er heilt nødvendig med ei utfyllande grunngeving for valg av dei dokument som vart førelagt kontrollutvalet. Slik det kan sjå ut fra møteboka er det fleire svært sentrale dokument som ikkje var framlagt.

For sak 02/15 gjeld dette særleg dei fylgjande dokumenta:

- Var kontrollutvalet kjent med at Fylkesmanne i Møre og Romsdal i tilsyn fullført i mars 2013 etter ein grundig gjennomgang av kommunens rutiner funne at krava i opplæringslova kapittel 9a er ivaretatt? Dette gjeld særleg då kontrollutvalet ser ut

Postadresse: Sentralbord
Postboks 1521 Tlf 70 16 20 00
6025 ÅLESUND Faks 70 16 20 01
postmottak@alesund.kommune.no

Besøksadresse:
Keiser Wilhelmsgate 11
www.alesund.kommune.no

Tlf 70 16 20 00 Bankgiro: 4200.49.49999
Faks 70 16 20 01 Å.K.org.: 942.953.119


- til å legge til grunn at det er manglande systematisk arbeid og rutiner i kommunen når det gjeld dette.
- Var dei dokumenta som rådmannen 30. april 2014 la fram i sak 03/14 vedlagt eller tilgjengelig, herunder kontakt mellom skule og heim om situasjonen slik vist i 7 brev oversendt frå rektor?
 - I advokat Kvammens notat datert 30. november 2014 er det foretatt vurderingar av bevis, straffeheimler og årsakssammenhenger i forhold til episoden 04. november 2011. På kva måte meinte kontrollutvalet at dette var relevant i forhold til kontrollutvalet i oppfølging av sak 03/14?
 - Hadde kontrollutvalet tilgang til politidokumenta og forklaringane, eller baserte ein seg på opplysningane som vart gitt av advokat Kvammen?
 - Kjenner kontrollutvalet seg trygg på at all nødvendig dokumentasjon har blitt framlagt for utvalget?
4. Når det gjeld grunngjevinga ynskjer ein ei nærmare utgreiing av kva som er grunnlaget for at kontrollutvalet i innstillinga punkt 4 meiner at skulen skulle ha fatta enkeltvedtak i høve spørsmålet om eventuelle reaksjonar mot tilsette. Dette på bakgrunn av at det gjekk fram av skriv frå rådmann datert 30. april 2014 at det ikkje vart reagert arbeidsrettsleg frå kommunen. Kva enkeltvedtak er det kontrollutvalet etterlyser her? På kva måte er dette et spørsmål om kontroll og tilsyn?
5. Til gjennomføringa av møtet 26. januar 2015 har ein følgjande spørsmål. Var det meint at innkallinga av rådmann og ordfører skulle vere ei "høyring"? Dette ser ut til å framgå av skriv frå Harald Rogne datert 20. januar 2015. Vart i så fall sakshandsaminga for slik fulgt?

Kopi av brevet er sendt til medlemmane i kontrollutvalet i Skodje kommune: Nestleiar Dag Loe Olsen, medlem Grete Dalhaug Berg, Magnar Flaate og John Ola Røstad.

Det er og send til Sunnmøre Kontrollutvalgssekretariat IKS, Lerstadvegen 545, 6022 Ålesund.

Dette for å spare tid.

Med helsing



Kristin Otterlei
advokat



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Sekretariat for kontrollutval

1 2 OKT 2010

Fylkesmannen i Østfold
Postboks 325

1502 MOSS

Deres ref
2010/82 322 GHJ

Vår ref
10/1056-3 ERA

Dato

7 OKT 2010

Tolkning av kommuneloven § 77 nr. 6 - Kontrollutvalgets rapportering til kommunestyret

Vi viser til brev m/vedlegg av 15. april 2010.

I brevet anmodes det om en uttalelse fra departementet om hvordan kommuneloven § 77 nr. 6 skal tolkes. Av brevet fremgår det at henvendelsen har sin bakgrunn i en konkret sak, hvor Fylkesmannen har besvart spørsmål som er reist av Østfold kontrollutvalgssekretariat. Departementet vil understreke at vårt brev ikke er ment å ta stilling til den konkrete saken som henvendelsen har sitt utspring i.

Departementet begrenser seg derfor til å gi generelle kommentarer til problemstillingen som Fylkesmannen har reist i sitt brev. Problemstillingen omhandler hvilke saker eller sakstyper kontrollutvalget har innstillingsrett i.

Kommuneloven § 77 nr. 6 lyder:

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. For en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

Det fremgår ikke av ordlyden hvorvidt kontrollutvalget har innstillingsrett i de saker hvor utvalget "rapportere[r] resultatene av sitt arbeid til kommunestyret". Spørsmålet om innstillingsrett synes heller ikke berørt i bestemmelsens forarbeider.

Fylkesmannen peker i sitt brev særlig på lovendringen i 2003 hvor kommuneloven § 60

ble flyttet til § 77 nr. 6, og samtidig ble gitt en noe annen utforming. (Gammel) § 60 nr. 8 annet punktum lød slik:

Kontrollutvalget legger rapportene fram for kommunestyret eller fylkestinget med merknader og forslag til vedtak

Før lovendringen i 2003 (i kraft juli 2004) fulgte det altså direkte av loven at kontrollutvalget skulle formulere forslag til vedtak (innstilling). Bestemmelsen var generelt utformet, og altså ikke begrenset til å gjelde utvalgte type rapporter. Spørsmålet blir da om lovendringen i 2003 innebar en tilsiktet realitetsendring i form av en begrensning av kontrollutvalgets innstillingsrett. Som nevnt er endringen ikke kommentert i lovforarbeidene. Departementet mener imidlertid at det ville ha vært naturlig å kommentere en eventuell realitetsendring i lovforarbeidene. Det har derfor formodningen mot seg at lovendringen innebar en tilsiktet lovendring. Departementet kan for øvrig ikke se at gjeldende lovs ordlyd taler imot at kontrollutvalget etter bestemmelsen har innstillingsrett.

Også bestemmelser i forskriften peker i retning av at loven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget. Forskriften § 10 fastsetter at kontrollutvalget skal utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, som skal vedtas av kommunestyret. I merknadene til denne bestemmelsen, jf. rundskriv H-15/04, heter det:

Etter innstilling fra kontrollutvalget skal kommunestyret/fylkestinget vedta plan for forvaltningsrevisjon


Merknadene til § 13 annet ledd (plan for gjennomføring av selskapskontroll) omtaler ikke på tilsvarende måte innstillingsspørsmålet. Etter departementets vurdering bør likevel forståelsen av § 10 også gjøres gjeldende for § 13 annet ledd. Det vises til at ordlyden i disse to forskriftsbestemmelsene er identisk når det gjelder utarbeidelse av plan. I forskriften finnes det videre bestemmelser som pålegger kontrollutvalget å avgi (§§ 11 og 15) eller gi (§ 12) rapport i forbindelse med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Når det legges til grunn at det å "utarbeide plan" etter §§ 10 og 13 annet ledd er eksempler på oppgaver som innebærer rett til å innstille, synes også det å "gi eller avgi rapport" å være eksempler på det samme. Å formulere en innstilling synes nært knyttet opp mot det å "gi eller avgi en rapport".


Departementet antar etter dette at kommuneloven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget i saker hvor det rapporterer resultatene av sitt arbeid.

I saker hvor kontrollutvalget er gitt innstillingsrett, vil det ikke være anledning for andre – hverken administrasjonssjef eller folkevalgte organer – å avgi innstilling.

Kontrollutvalgets enerett til å avgi innstilling er nødvendigvis ikke til hinder for at saken i tillegg forelegges andre folkevalgte organer. Departementet presiserer at slik foreleggelse skal være et supplement til kontrollutvalgets saksforberedelse. Det er ikke adgang til å erstatte kontrollutvalgets saksforberedelse på denne måten. Dersom en slik fremgangsmåte velges må kontrollutvalgets innstilling og eventuelle vurderinger klart fremgå i saksdokumentene til kommunestyret.

Med hilsen


Sølve Monica Steffensen (e.f.)
avdelingsdirektør


Jan Morten Sundeid
seniorrådgiver

Kopi til:
Den norske Revisorforening
Forum for kontroll og tilsyn
Halden kommune
Norges Kommunerevisorforbund
Østfold kontrollutvalgssekretariat